

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Korrigerte møtebøker frå samferdselsutvalet for PS 167, 174 og 175/15 var sendt ut til fylkesutvalet.

PS 181/15 vart trekt fordi den var kome på sakskartet ved ein inkurie.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje tre saker på saklista for møtet utan saksførelegg:

- Ny sak PS 190/15 Oppnemning av saksordførar for lærlingeplan og lærlingeprognose.
- RS 93/15 vart omgjort til ny sak PS 191/15 Indikatorar for arealbruk og parkering for oppfølging av bymiljøavtalar – høyring.
- Spørsmål frå Aud Karin Oen vart omgjort til ny sak PS 192/15 Reklame på kollektivtransport.

Revisjon av fullmaktsreglementet var meldt opp to gonger: Under referatsaker, RS 100/15, og delegerte saker, DS 14/15. RS 100/15 vart trekt, slik at saka berre ligg under DS 14/15. RS-sakene frå RS 100/15 fekk ny nummerering.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.